



NOTAT

Møte 29.10.19 mellom Nortrans veg og anlegg AS og vegavdelinga i Lindås kommune

Tilstade:

Frå Nortrans: Stine Brandsdal og Bjarte Sande

Frå Lindås kommune: Rune Kilen, Kjetil Spurkeland, Anders Brakvatne Ina Wergeland og Irene Wilhelmsen

Kort oppsummering etter møtet

Det vart etter avtale kalla inn til møte då det var ein del spørsmål kring rodene.

Møte starta med litt generell informasjon frå Kjetil Spurkeland.

For å betre sikkerheita rundt skulen, var det eit ynskje frå Nortrans å få nytte ATV eller tilsvarande for å brøyte fortau vegane rundt skulen på Leknes, rode 7.

Dette seier Lindås kommune ja til med vidareføring inn i Alver kommune, men kun på fortaua og dei små vegane i tilknytting til skulen. På resten av rode 7 skal oppgitt traktor frå konkurranse nyttast.

Det vert nytta same timepris som levert i tilbodet.

For å få dette med i kontrakten, skal Nortrans sende over spesifikasjon på utstyret som er tenkt brukt på desse fortaua og vegane.

Det vart informert om at det skal vere eit informasjonsmøte tysdag 5. november, eiga innkalling kjem.

Mengde grus som vert nytta kjem til å vere tema på møtet. Det vart snakka litt om dette med at grus ikkje skal nyttast prevantivt. Det skal heller ikkje oversaltast, kommunevegane er låghastighetsvegar det er ikkje riks-/fylkesvegstandard på kommunevegnettet.

Nøklar til bom'ar i rodene, skal ein forsøke å få levert ut på infomøtet tysdag.

Praktiske spørsmål kring brøyting skal sendast inn til teknisk@lindas.kommune.no fram til 01.01.2020. Kva som vert kanalen for spørsmål i Alver må me komma tilbake til.

Utanom arbeidstid er det selvfølgelig lov å kontakte vegvakta, mobil: 453 76 272.

Nortrans sender over vakttelefonliste. Hovudvakta til Nortrans er føretrakne kanal for kommunen.

Dette for at det er Nortrans som har kontraktane og ikkje den enkelte kontraktør.

Telefonliste til dei enkelte kontraktørane kan og vere fornuftig.

Kommunen kjem til å nytte facebook og nettsider til å informere om vinterdrifta og kva innbyggjarane kan forvente seg.